**Ein rundtur som går i ei bryting mellom fossestryk og vill natur på den eine sida, og kulturminne som viser store planar om menneskeverk på den andre.**

An easy walk in the contrast between waterfalls and virgin nature on one side and the scars of unfulfilled human ambitions on the other.






## Rute og ymse av interesse

Terreng: Sti og bilveg
Tid: 1 1/2 - 2 timar

Bilen kan setjast på parkeringsplassen **(1)** ved Hardanger Feriepark aust for elva Kinso i Kinsarvik.

Frå parkeringsplassen og oppover langs elva, fyl stien ei gamal jarnbaneline.

Denne banelina vart bygd i 1920-åra, og då som del av eit førebuingsarbeid til ei storstila kraft- og industriutbygging i Kinsarvik. Korkje utbygging av vassdraget eller reising av aluminiumindustri vart realisert, og Kinsovassdraget er no varig verna. Ein del varige merke etter «oppløpet» til ei omfattande satsing på smelteindustri, vil lenge vera synlege i Kinsarvik-området.

Men tilbake til stien. Denne går i slyngar første delen, gjennom gran- og furuskog. Jarnbana måtte ha jamn stigning. Etter om lag ein kilometer fyl stien/jarnbanelina stort sett elvekanten oppover.

Kinso som kjem frå Hardangervidda, har stor vassføring vår og føresommar. Med fossar og elvestryk, kampesteinar i elvefaret og høge fjell-

## Route and places of interest

Terrain: Road and footpath
Time: 1 + - 2 hours

You may leave your car in the parking area **(1)** by Hardanger Feriepark just east of the river Kinso in Kinsarvik.

Up river from the parking area the path actually follows an old, abandoned railroad.

The railroad was built in the nineteen twenties as part of the infrastructure for a planned electrical power and industrial development in Kinsarvik. Neither the power plant nor the aluminium smelter were ever constructed and the Kinso Watershed is now protected. We fear, however, that the physical signs of this aborted industrialisation will remain visible in the Kinsarvik area for a long time to come.

But let’s return to the footpath. The railroad had to maintain an even incline so the path first winds leisurely through a forest of fir and pine. After about one kilometre the path/railroad parallels the river as it climbs the valley.

The river Kinso originates on Hardangervidda and carries large volumes

**Sjå Tur 21 for reiserute og fotturar**
See Tour 21 for route and walks

massiv tett innpå, gjev dette eit mektig inntrykk. Tidlegare var dette ei god fiskeelv, både for laks og sjøaure. Fisken gjekk gjerne i stimar. Dei siste åra har fisket vore dårleg, og særleg laksen har vorte mest borte. Fiskerettane er leigde bort.

Etter ca. 2 km frå sentrum går ein framom ei gamal sagtomt, Gamlesaga **(2)**. Her vart det skore tømmer med vasskraft fram til 1950-åra. Dette var felles sag for dei seks gardsbruka på Hus. Tømmerskogen har alltid vore ein viktig ressurs til Hus - gardane i Kinsarvik.

Når ein passerar «Gamlesaga», ser ein at omgivnadene er ei vid furumo, Husemoen på ca. 2000 da. Her står enno att ein del av den verdfulle og vakre Huse-furua, som frå gamalt av var etterspurd både til hus- og fartøybygging.

Husemoen er elles eit interessant geologisk område. Heile moen er ei moreneavsetting (massar avsett under siste istid), med ei rekkje «isgroper» og spisse haugar.Dei seinare åra har delar av denne flate moen vorte teken i bruk til anleggs- og industriområde av ymse slag. Noko er dyrka opp, og den heilskaplege, skogdekte furumoen er noko oppriven.

Stien kjem inn på bilveg ved to industriverksemder **(3)**, litt vest for bru over elva Vivippo. Her vinklar ein til venstre (mot vest) og fyl bilveg attende til parkeringsplassen.

Sjå etter skilt for «Turveg» langs bilvegen, så kan ein gå kortaste veg. Men alle bilvegar i dette området kjem inn på same «nedløp» til Kinsarvik sentrum, så ein kan ikkje gå seg bort.

Siste kilometeren går vegen gjennom bustadfelt, der dei aller fleste er bygde etter 1960. Og har ein auga for særeigen arkitektur, kan ein sjå at dei første husa ein møter etter Huseskogen **(4)**, er tidstypiske bustader frå industrireisinga først på 1900-talet.

Kinsarvik-området har gått gjennom sterke endringar og omveltingar det siste hundreåret. Planar og start på kraftutbygging. Revurdering av planar. Aukande turistferdsle. Plassering av kommunesenter. Freding av vassdraget. Dette har sett sitt preg.

Ein kan vel seia at ymse vilkårlege samantreff har ført til at ein ikkje har eit tett og røykfullt industrisamfunn i dag.

Ein kan også fylgja vidare desse hovudlinene - Natur og Kultur - frå denne rundløypa:
Frå punkt **(3)**, der stien kjem inn på bilvegen, kan du ta mot aust, og du er inne på turstien (som først fyl dårleg bilveg ca. 1 km) mot Stavali Turisthytte og Hardangervidda. Oppover Husedalen fyl du Kinso, som med «foss bak foss seg bygger». Framfor deg har du storslått fjellnatur og turløyper som berre dette distriktet kan by på.

Ynskjer du å fylgja nærmare opp kva som **kunne** ha skjedd i Kinsarvik, kan du vitja Industristadmuseet i Tyssedal og Odda. Her vil du få med utviklinga frå dei første ingeniørane planla tilkomst og damanlegg i fjellet, til industrihallar og straum på nettet.

Så kanskje du grundar litt på dette, om du skal koma att og ta deg til fjells, eller gå på museum, eller berre tenkja på det.

## God tur i alle fall!

of water during spring and early summer. The waterfalls, rapids, giant boulders and massive mountains combine to give you an impressive and lasting memory.
This was a good river for salmon and trout in earlier times when the fish were often seen in schools. The fishing rights are currently leased, but the fishing has been poor in recent years.

After about two kilometres you pass the foundations of an old sawmill, Gamlesaga **(2)**. Lumber was produced by waterpower until the nineteen fifties and the mill was jointly owned by the six farms at Hus. Timber has always been an important resource for the Hus farms in Kinsarvik.

As you pass "Gamlesaga" you will notice the surrounding level terrain with pine trees. This is Husemoen, an area of some 2000 da. where still can be seen the remainder of the valuable pine forest at Hus. This pine was particularly sought after for construction of houses and wooden ships.

Husemoen is also an interesting geological area. The entire plain is a moraine deposited during the last ice age and there are several ice-pits and gravel crests still to be seen. In recent years this plain has been partially occupied by industry and some of it has been cultivated. In consequence, the old pine forest now appears a bit tattered.

The path joins with roads in the vicinity of industrial development **(3)** just west of the river Vivippo. Turn left (westward) and follow the regular road back to the parking area.

Along the road you should look for the signs "Turveg" in order to take the shortest route. However, all roads in this area sooner or later enter the same main road down to the village of Kinsarvik, so it is virtually impossible to get lost.

The last kilometre of the walk takes you through a residential area largely developed after 1960. But there are some older parts, and those with an eye for architectural styles will notice that the first houses near Huseskogen **(4)** are typical of the period of industrialisation just after 1900.

The Kinsarvik area has been subjected to strong and varied influences during the last century: start and stop in development of hydroelectric power, revisions and changes in industrial plans, establishment of the community administration and, finally, the protection of the river and the growth of tourism. All these have left their marks.

Still, the combination of coincidences and industrial failures is perhaps the main reason that we now find Kinsarvik free of the pollution typical of many industrial settlements.

You may even expand on the theme of Nature and Culture if you take the following route:
From pt. (3) where the path joins the regular road, turn east onto the path ( first one km. of poor roadway) to Stavali Turisthytte and Hardangervidda. When ascending Husedalen you first follow Kinso, which is characterised by a succession of waterfalls. In front of you at the top are a variety of paths through a magnificent mountain landscape unique to this district.

If you wish to know what **might** have happened in Kinsarvik, visit the Industrial Museum in Tyssedal and Odda. The exhibits there tell the story from the first engineering plans for access roads and dams in the mountains to the final plans for power and industrial development.

In a sense, we hope the above has provided you with a dilemma: should you return to Kinsarvik to take a sporty mountain hike, or should you visit the museum?

## In any event, have a good trip!

---

***Hugs:***
*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

***Remember:***
*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland,
Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

**Kopiering er ikkje tillatt** **All rights reserved.**